



## ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2024 - GENERELL INFORMASJON

### Enheten

Organisasjonsnummer: 983 974 716  
Organisasjonsform: Annet foretak iflg. særsk. lov  
Foretaksnavn: SJUKEHUSAPOTEKA VEST HF  
Forretningsadresse: Møllendalsbakken 9  
5009 BERGEN

### Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2024 - 31.12.2024

### Konsern

Morselskap i konsern: Nei

### Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Nei  
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

### Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Cecilie Wold  
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 13.03.2025

### Grunnlag for avgivelse

År 2024: Årsregnskapet er elektronisk innlevert  
År 2023: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2024

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 03.06.2025



## Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
<b>RESULTATREGNSKAP</b>			
<b>Inntekter</b>			
Annen driftsinntekt	2,3	1 669 427 000	1 508 296 000
<b>Sum inntekter</b>		<b>1 669 427 000</b>	<b>1 508 296 000</b>
<b>Kostnader</b>			
Varekostnad	5	1 321 268 000	1 193 828 000
Lønnskostnad	6,16	236 680 000	218 909 000
Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	10	7 464 000	7 773 000
Nedskrivning av varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	10		18 849 000
Annen driftskostnad	4,6,7,1 0	103 500 000	90 331 000
<b>Sum kostnader</b>		<b>1 668 912 000</b>	<b>1 529 690 000</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>515 000</b>	<b>-21 394 000</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Annen finansinntekt	8	3 585 000	3 059 000
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>3 585 000</b>	<b>3 059 000</b>
Annen finanskostnad	8	394 000	166 000
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>394 000</b>	<b>166 000</b>
<b>Netto finans</b>		<b>3 191 000</b>	<b>2 893 000</b>
<b>Resultat før skattekostnad</b>		<b>3 706 000</b>	<b>-18 501 000</b>
Skattekostnad	9	-581 000	311 000
<b>Årsresultat</b>		<b>4 287 000</b>	<b>-18 812 000</b>
<b>Overføringer og disponeringer</b>			
Overføringer til/fra annen egenkapital	15	4 287 000	-18 812 000
<b>Sum overføringer og disponeringer</b>		<b>4 287 000</b>	<b>-18 812 000</b>



## Balanse

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
<b>BALANSE - EIENDELER</b>			
<b>Anleggsmidler</b>			
<b>Immaterielle eiendeler</b>			
Lisensar, programvare og goodwill	10	49 263 000	40 894 000
Utsatt skattefordel	9	2 918 000	2 337 000
<b>Sum immaterielle eiendeler</b>		<b>52 181 000</b>	<b>43 231 000</b>
<b>Varige driftsmidler</b>			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	10	17 400 000	19 883 000
Anlegg under utføring	10	36 123 000	9 712 000
Medisinsk teknisk utstyr, inventar, transportmidlar o.l	10	16 598 000	21 817 000
<b>Sum varige driftsmidler</b>		<b>70 121 000</b>	<b>51 412 000</b>
<b>Finansielle anleggsmidler</b>			
Lån til foretak i samme konsern			0
Lån til tilknyttet selskap og felles kontrollert virksomhet	11	863 000	770 000
Andre finansielle anleggsmidler	11	7 000	7 000
Pensjonsmidlar	16	109 405 000	93 207 000
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>110 275 000</b>	<b>93 984 000</b>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>232 577 000</b>	<b>188 627 000</b>
<b>Omløpsmidler</b>			
<b>Varer</b>			
Varer	12	67 429 000	62 924 000
<b>Sum varer</b>		<b>67 429 000</b>	<b>62 924 000</b>
<b>Fordringer</b>			
Kundefordringer	13	17 348 000	23 157 000
Andre fordringer		4 017 000	719 000
Konsernfordringer	13,21	160 366 000	300 310 000
<b>Sum fordringer</b>		<b>181 731 000</b>	<b>324 186 000</b>
<b>Bankinnskudd, kontanter og lignende</b>			
Bankinnskudd, kontanter og lignende	14	7 870 000	7 787 000
<b>Sum bankinnskudd, kontanter og lignende</b>		<b>7 870 000</b>	<b>7 787 000</b>



## Balanse

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
Sum omløpsmidler		257 030 000	394 897 000
<b>SUM EIENDELER</b>		<b>489 607 000</b>	<b>583 524 000</b>
<b>BALANSE - EGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Egenkapital</b>			
<b>Innskutt egenkapital</b>			
Selskapskapital	15	100 000	100 000
Annen innskutt egenkapital	15	10 943 000	10 943 000
<b>Sum innskutt egenkapital</b>		<b>11 043 000</b>	<b>11 043 000</b>
<b>Opptjent egenkapital</b>			
Annen egenkapital	15	212 727 000	208 440 000
<b>Sum opptjent egenkapital</b>		<b>212 727 000</b>	<b>208 440 000</b>
<b>Sum egenkapital</b>		<b>223 770 000</b>	<b>219 483 000</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Langsiktig gjeld</b>			
Pensjonsforpliktelser	16	128 000	0
<b>Sum avsetninger for forpliktelser</b>		<b>128 000</b>	<b>0</b>
<b>Annen langsiktig gjeld</b>			
Langsiktig konserngjeld	17	20 000 000	0
<b>Sum annen langsiktig gjeld</b>		<b>20 000 000</b>	<b>0</b>
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>20 128 000</b>	<b>0</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld	18	158 683 000	275 316 000
Skyldige offentlige avgifter		17 591 000	24 568 000
Kortsiktig konserngjeld	18	11 388 000	11 492 000
Annen kortsiktig gjeld	18	58 047 000	52 665 000
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>245 709 000</b>	<b>364 041 000</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>265 837 000</b>	<b>364 041 000</b>



## Balanse

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2024</b>	<b>2023</b>
<b>SUM EGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>489 607 000</b>	<b>583 524 000</b>



## Sjukehusapoteka Vest HF

### ÅRSMELDING 2024

#### VERKSEMD OG FØREMÅL

Sjukehusapoteka Vest HF (SAV) er eit sjølvstendig helseføretak eigd av Helse Vest RHF med føremål om å vere farmasifagleg kompetansesenter i helseregionen. Helse Vest utøver si styring via eit årleg styringsdokument som blir lagt fram i føretaksmøte mellom SAV og Helse Vest RHF.

SAV eig og driv fem sjukehusapotek i Bergen, Stavanger, Haugesund og Førde. Føretaksadministrasjonen er lagt til Bergen. SAV leiger lokale til drifta ved dei største sjukehusa i Rogaland og Vestland. Desse sjukehusa er òg SAV sine hovudkundar. Aktiviteten i verksemda er i all hovudsak knytt til produksjon og sal av legemiddel, og levering av farmasøytisk rådgjeving til sjukehus/institusjonar og til pasientar/publikum.

#### FOKUSOMRÅDE I 2024

Etter eit resultatmessig svakt år i 2023 er drifta stabilisert i 2024. Omsetninga frå varesalet aukar i 2024 med 9,9 %. Marginbildet ved sal av legemiddel følgjer ikkje den generelle kostnadsutviklinga då kronetillegget i apotekavansen ikkje er justert for inflasjon. Margin frå sal av varer aukar mindre enn auken i personal- og ordinære driftskostnader. Resultatutviklinga er difor ikkje i samsvar med omsetningsveksten. Det er fokus på økonomisk styring i føretaket. Samstundes er det merksemd på å ivareta kvalitet i leveransar til sjukehusa og andre kundar. Auke i aktivitet set krav til effektive prosessar og tilpassing av areal, utstyr og bemanning for å løyse oppgåvene.

Føretaket har hatt fleire byggjeprojekt som har vore i planleggings- eller gjennomføringsfase i 2024;

- ferdigstilling og klargjering av lokalar for det regionale pakkeanlegget for eindosar ved Sjukehusapoteket i Haugesund.
- klargjering av lokalar for nytt sjukehusapotek i Stavanger.
- bygging av nytt produksjonsrom for cytostatika, kontorareal for avdeling for farmasøytiske tenester (AFT) og andre utbetringar for å møte krav frå Arbeidstilsynet ved Sjukehusapoteket i Bergen.

I tillegg har det vore dialog med Helse Bergen om areal for framtidig nytt sjukehusapotek. Tilsette i SAV deltek i Helse Bergen sitt prosjekt *Fremtidens legemiddelhåndtering*. Prosjektet er viktig for kva tenester sjukehusapoteket skal levere til Helse Bergen i framtida.

I 2024 har det vore stor merksemd på følgje opp ulike tiltak og tilsyn frå året før. Leiarstrukturen er endra ved fleire apotek, og det har vore utprøving med mål om å redusere belastning og frigjere tid til leing og oppfølging av medarbeidarar. Det er gjennomført kompetansebygging for leiarar, mellom anna gjennom leiargruppeutvikling i lokale leiargrupper. Vernetenesta er utvida med etablering av nye verneområde og lokale hovudverneombod.

SAV har i 2024 prioritert tiltak for å betre samarbeid, arbeidsmiljø, medarbeidarutvikling, attraktivitet og nærvær (kalla SAMAN-arbeidet). Ein del av dette er at leiar- og



medarbeidaropplæring skal betrast, under dette introduksjon for nytilsette. Personalhandboka er revidert, og retningslinjer for sjukefråvær tydeleggjort.

Overføring av sterile magistrielle lagerhaldsprodukt frå Sjukehusapoteket i Bergen til Sykehusapoteket Oslo, Rikshospitalet, vart starta i 2023. Etter dialog med Sykehusapotekene HF i 2024 vert overføring av produkta ei permanent løysing.

SAV tar del i arbeid med pasienttryggleik og kvalitet i regionen gjennom ulike initiativ:

- leing av regionalt arbeid med risikostyring innan legemiddelområdet (ROMLE).
- bidrag i forvaltning av regionalt system for legemiddel og kurve (Meona).
- deltaking i lokale legemiddelkomitear og regionalt legemiddelutval.
- bidrag i regionalt innføringsprosjekt for pasientens legemiddelliste (PLL).
- arbeid i regional fagforvaltning for kjemoterapi.
- innføring av helseregionen sitt ERP-system (LIBRA) på produksjonsområdet og for handtering av kliniske utprøvingar i SAV.
- deltaking i nasjonal utvikling av nytt reseptur- og butikkdatasystem for sjukehusapotek (Orion).

Det er gjennom ROMLE-prosjektet arbeidd med risikoreducerande tiltak på legemiddelområdet, som på sikt mellom anna kan gje grunnlag for etablering av lukka legemiddelsøyfe i Helse Vest. Ein viktig føresetnad for lukka legemiddelsøyfe er tilgang på legemiddel i form av eindose frå det regionale pakkeanlegget, som er under etablering ved Sjukehusapoteket i Haugesund.

SAV har ansvar for forvaltning av nasjonalt legemiddelberedskapslager, både for spesialisthelsetenesta og primærhelsetenesta. Arbeid med forvaltning av lageret skjer i nært samarbeid med Direktoratet for medisinske produkter (DMP), Sykehusinnkjøp HF, Mangelsenteret og spesialistgruppa for legemiddelberedskap.

Dei totale kostnadane for legemiddel i Helse Vest har auka med 8,9 % i 2024 samanlikna med 2023, og er no 2,3 milliardar kroner. Det er framleis stort behov for støtte til implementering og etterleving av innkjøpsavtalar for å sikre kontinuerleg realisering av økonomiske gevinstar. SAV held fram det gode samarbeidet med Sykehusinnkjøp HF, dei andre sjukehusapotekføretaka i Noreg og helseføretaka i Helse Vest her.

## ARBEIDSMILJØ OG PERSONALE

### **Organisering**

SAV er organisert med apotek og stabsavdelingar som nivå 2 og avdelingar som nivå 3. Eitt av apoteka har også leiarnivå 4 (seksjonsleiar), samt assisterande avdelingsleiar. I 2024 er det etablert assisterande avdelingsleiar ved ytterlegare eit apotek. Fleire av apoteka har endra organisering, slik at leiar sitt kontrollspenn er redusert. Leiarar i apotek på nivå 2 og 3 har delegerte fullmakter innan områda fag, økonomi og personale for eiga eining. Stillingsomtalar på alle nivå tydeleggjer konkrete arbeidsoppgåver, ansvar innan etikk, grønt miljø, prosessleing og leiar/medarbeidarkrav.

### **Rekruttering**

SAV har i 2024 halde fram med merksemd på kvalitet og inkludering i rekrutteringsprosessen. Sosiale medium – som LinkedIn – blir brukt i nokre samanhengar for å treffe potensielle søkjarar. Vi har i stor grad hatt gode kandidatar på utlyste stillingar, med noko variasjon ut frå stillingsgruppe og lokasjon. Vi har starta arbeid med målretta



rekruttering for apotekteknikarar, og dette held fram i 2025. Opplegg for mottak av nyttilsette medarbeidarar og leiarar er revidert og forsterka.

### **Kompetanseutvikling**

Kompetanseutvikling er forankra i føretaksstrategien og konkretisert i årlege handlingsplanar. Publikum, digitalisering, pasienttryggleik og leiarutvikling var satsingsområde, vidareført frå 2023. Føretaket er i gang med å utvikle eit forbetra system for opplæring. Arbeidet femnar om både system for mottak av nyttilsette, gjennomføring av opplæring, innhald av og samheng mellom ulike kompetanseplanar, bruk av kompetanseportalen Dossier og implementering i drifta. Vi har etablert måltal for gjennomføringsgrad av opplæring. Alle apotek har gjennomført, eller er i gang med opplegg for leiargruppeutvikling, med bistand frå ekstern konsulent via rammeavtale.

### **Systematisk helse, miljø og tryggleik**

Mål for helse, miljø og tryggleik (HMT) i føretaket er «Skape eit godt, trygt og helsefremjande arbeidsmiljø», nedfelt i policy for kvalitet, HMT og ytre miljø, og forankra i Helse Vest sin HMT-strategi. HMT er fast tema i styremøte, samt i samhandling med fagorganisasjonane, verneteneste og i arbeidsmiljøutval. HMT-tema er også del av føretaket sine interne revisjonar. Vi har ikkje funne saker med alvorleg konsekvens. Årsrapport 2024 for føretaksarbeidsmiljøutvalet (FAMU) vart handsama i FAMU sitt møte 19.02.2025, og er formidla til styret, føretaksleiing og fagforeiningane.

I den årlege kartlegginga «ForBedring» hadde SAV ein svarprosent på 82 %, mot 80 % i 2023. Tiltak etter kartlegginga er nedfelt i handlingsplan i Synergi, og både resultat og handlingsplan er handsama i FAMU, leiarmøte og samhandlingsmøte. Resultata viste ein auke i gjennomsnittskår samanlikna med 2023, og svara var på nivå, eller høgare, enn gjennomsnittskår for Helse Vest.

Det blei i 2024 registrert 74 HMT-hendingar, mot 101 året før. Nedgang gjeld organisatorisk og psykososialt arbeidsmiljø.

Gjennomføringsgrad for kompetanseplan for HMT er 89 %, mot 86 % i 2023. For obligatorisk grunnopplæring i HMT er gjennomføringsgraden for verneombod (40 timar kurs) 90 % og for leiarar (tredagarskurs) 64 %.

Arbeid med oppfølging etter Arbeidstilsynet sitt tilsyn 21.03.2023 held fram der bedriftshelsetenesta og vernetenesta er involverte i arbeidet. Ved utgangen av 2024 er 10 av 17 pålegg lukka. Ny frist for å lukke resterande avvik er 27.06.2025. Arbeidet har god framdrift.

Vi har etablert nye verneområde ved Sjukehusapoteket i Bergen, Stavanger, Førde og Haugesund, med fleire verneområde og verneombod, og ny rolle som hovudverneombod i apoteket.

### **Sjukefråvær**

Gjennomsnittleg sjukefråvær i SAV var 9,8 % i 2024, og dermed uendra frå 2023. Føretaket si målsetjing har lenge vore, i tråd med målsetjing for Helse Vest, eit gjennomsnittleg sjukefråvær på 5,5 %. Tre av apoteka har gjennomført tiltaket «HelseiArbeid» i regi av NAV. Reduksjon av sjukefråvær har vore prioritert oppgave i 2024. Retningslinjer er oppdaterte, med rettleiarar og malar, og sjukefråvær har vore tema i to fysiske leiarsamlingar. Vi har etablert eigne måltal for apoteka og føretaket for 2025.

### **Likestilling**

SAV er del av Helse Vest sitt arbeid med likestilling, diskriminering og inkludering.



SAV si fråsegn om likestilling og mangfald er publisert på føretaket si internettside [\[jobb og karriere - SAV \(sjukehusapoteka-vest.no\)\]](#). Denne vart lagt fram for fagforeiningane og vernetenesta i samhandlingsmøte 5. mars 2025.

Apotekbransjen er ein kvinnedominert bransje. Dei to største yrkesgruppene i SAV er farmasøytar og apotekteknikarar, begge yrke har generelt høg andel kvinner. Om lag 80 % av farmasistudentar er kvinner. I 2024 var, som i 2023, 84 % av alle tilsette i SAV kvinner.

Arbeidet med å jamne ut ulikskap er ein del av rekrutteringsarbeidet, dels ved å gjere arbeidsplassen attraktiv for begge kjønn, samt dels ved dialog med utdanningsinstitusjonane.

### ***Inkludering, mangfald og likeverd***

SAV vektlegg, innanfor gjeldande lov og avtaleverk, likebehandling ved rekruttering, og arbeider med likestilling i føretaket gjennom lønn, arbeidstidsplanlegging, kompetanseutvikling og karrierebygging, uavhengig av kjønn, etnisk bakgrunn, religion, livssyn, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering, kjønnsidentitet, alder eller andre vesentlege tilhøve ved ein person. Føretaket legg gjeldande reglar for svangerskap, permisjon ved fødsel eller adopsjon og omsorgsoppgåver til grunn for verksemda.

Likestillings- og diskrimineringsarbeid er forankra i føretaket sine ulike strategiar, verktøy, undervisning, retningslinjer/rutinar og er elles inkludert i personalpolitikken. Det er eit mål å nå ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og å rekruttere kvalifiserte personar med innvandrarbakgrunn.

2023-tal frå Statistisk sentralbyrå viser at 33 % prosent av medarbeidarane i SAV er ikkje-norske statsborgarar. 20 % kjem frå land utanom Vest-Europa, Nord-Amerika og Oseania. Vi har førebels ikkje tal for 2024.

### ***Talet på tilsette og årsverk:***

Det var i gjennomsnitt tilsett 349 medarbeidarar i SAV i 2024, mot 323 i 2023. Talet på brutto årsverk (all ressursinnsats, inkludert overtid og meirtid, vikarar mv.) var i gjennomsnitt 297 i 2024, mot 286 i 2023. Talet på netto årsverk (korrigert for sjukefråvær, permisjonar mv.) var i gjennomsnitt 233 i 2024, mot 222 i 2023.

## **FORSKING OG UTVIKLING**

SAV har i 2024 hatt ulik aktivitet på området forskning og innovasjon, under dette tre ulike såkornprosjekt, seks masterprosjekt og følgjeforskningsprosjekt for pasientens legemiddelliste (PLL). I tillegg blir det arbeid med å førebu forskning og vidareutvikling på området *metodar for utøving av klinisk farmasi*. Gjennom tenester på området «kliniske utprøvingar av legemiddel (KLUT)» bidreg føretaket til omfattande forskingsverksemd i sjukehusføretaka.

## **OPENHEITSLOVA OG UTGREIING OM SAMFUNNANSVAR**

Openheitslova (*Lov om virksomheters åpenhet og arbeid med grunnleggjande menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold*) skal fremje verksemda sin respekt for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve. SAV er omfatta av lova og har gjennom aktsemdsvurderingar kartlagt risiko og tiltak. Omtale av arbeidet er publisert som del av utgreiing om samfunnsansvar på nettsida [sjukhusapoteka-vest.no](#).



## YTRE MILJØ

Verksemda i SAV kan i noko grad føre til ureining eller utslepp som kan vere til skade for det ytre miljøet. SAV sin miljøpolitikk legg vekt på verdikjeda frå produsent til sluttbrukar av legemiddel og peikar retning for føretaket i arbeidet med å oppfylle nasjonale klima- og miljømål for spesialisthelsetenesta. SAV samarbeider med dei andre føretaka i Helse Vest på miljøområdet gjennom regional miljøfaggruppe og på nasjonalt nivå med dei andre jukehusapotekføretaka og Sykehusinnkjøp HF.

## ÅRSREKNEskapEN

Etter styret si oppfatning gjev årsrekneskapen ei rettvisande oversikt over utviklinga og resultatet av føretaket si verksemd og stilling.

### *Økonomisk drift*

Samla omsetnad i SAV er i 2024 kr 1.669.426.815 mot kr. kr 1.508.296.455 i 2023. Resultat frå drifta er i 2024 514.777 mot kr -21.393.951 i 2023. Betring i driftsresultat frå 2023 til 2024 er særleg knytt til ekstra kostnader i 2023 ved nedskriving av produksjonsstøttesystem, nedskriving produksjonsutstyr for krem- og salve-produksjon samt ekstra kostnader ved oppfølging av personal- og tilsynssaker.

Netto finansresultat for 2024 er kr. 3.191.222 mot kr 2.892.450 i 2023. Auke frå 2023 skuldast i hovudsak auka renteinntekter. Samla resultat for 2024 er kr 4.287.476 mot eit negativt resultat i 2023 på kr. 18.811.963.

Ikkje resultatført estimatavvik i pensjonsordninga er kr. 164.566.933. Eigenkapitalen er tilfredsstillande.

### *Likviditet og kontantstraum*

Likviditetsbeholdninga pr. 31.12.2024 var kr 7.870.252, ein auke på kr. 83.732 frå 2023. I tillegg har SAV innskot på konsernkontoordning i Helse Vest på kr 21.780.473. Dette inngår i rekneskapen som krav på morselskapet i omløpsmidlane.

Driftsresultatet for 2024 er på kr 514.777, medan kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar er kr -120.541.929. Dette kan forklarast med periodisering av grossistfaktura, avskrivingar, endring i krav, varelager, kortsiktig gjeld, samt avvik mellom resultatført pensjonskostnad og netto inn- og utbetalingar i pensjon.

### *Risikotilhøve*

Etter eit driftsår i 2023 med auka kostnader og redusert resultat har driftssituasjonen i føretaket stabilisert seg i 2024 og risikotilhøve er ved utgangen av 2024 vurdert å vere tilbake på eit normalt nivå for verksemda. Føretaket er generelt i noko grad eksponert for endringar i valutakursar og i mindre grad endringar i flytande rente. Risikoen er låg for at motpartar ikkje har økonomisk evne til å oppfylle sine forpliktingar, då debitorar hovudsakeleg er andre helseføretak og NAV/HELFO. Likviditeten i føretaket er noko svekka som følgje av auka investeringar og svakare resultat siste åra, men er ved utgangen av 2024 vurdert som tilfredsstillande.

Det er ikkje teikna styreansvarsforsikring for styremedlemer og administrerande direktør i føretaket.



## **Forslag til disponering av underskot**

Styret gjer framlegg om at underskotet for 2024 vert overført frå annan eigenkapital.

Overføring til annan eigenkapital	kr	<b>4.287.476</b>
<b>Totalt disponert</b>	<b>kr.</b>	<b>4.287.476</b>

Eigenkapitalen i føretaket per 31.12.2024 er:

<u>Eigenkapital</u>	<u>kr.</u>	<u><b>223.770.207</b></u>
---------------------	------------	---------------------------

## **FRAMHALD AV DRIFTA OG UTSIKTAR FOR VERKSEMDA**

Det er normalt usikkerheit knytt til framtidige tilhøve. Generelt er etterspurnaden etter helsetenester aukande, både som resultat av demografiske tilhøve og nye behandlingstilbod. Etterspurnaden etter varer og tenester frå SAV er knytt opp mot aktivitetsnivået i sjukehusføretaka, som er hovudmottakarar av SAV sine varer og tenester. Ein legg til grunn at dette ikkje vert endra på kort sikt. Rekneskapen er difor avlagt under føresetnad om framhald av drifta.

**Bergen, 13. mars 2025**

### **Styret for SAV**

Helge Torgersen  
Styreleiar

Arve Varden  
Nestleiar

Anders Hovland  
Styremedlem

Helle Kristine Schøyen  
Styremedlem

Clara Beate Gram Gjesdal  
Styremedlem

Ina Nikoline Ville  
Styremedlem

Espen Frøvoll  
Styremedlem

Mona Engelund  
Styremedlem

Eszter Albers-Køvendi  
Styremedlem

Tonje Folkvang  
Adm. direktør

Penneo Dokumentnøkkel: SYX6-CU2EE-64HZW-JLCGW-1ZWIF-P3LKV



## PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

### Varden, Arve

Nestleder

Serienummer: no\_bankid:9578-5993-4-1643129

IP: 161.4.xxx.xxx

2025-04-24 10:24:23 UTC



### Gjesdal, Clara Beate Gram

Styremedlem

Serienummer: no\_bankid:9578-5999-4-1720672

IP: 161.4.xxx.xxx

2025-04-24 10:52:52 UTC



### Frøvdal, Espen

Styremedlem

Serienummer: no\_bankid:9578-5993-4-3277568

IP: 161.4.xxx.xxx

2025-04-24 10:53:52 UTC



### Albers-kövendi, Eszter

Styremedlem

Serienummer: no\_bankid:9578-5998-4-1966617

IP: 161.4.xxx.xxx

2025-04-24 10:59:42 UTC



### Folkvang, Tønje

Daglig leder

Serienummer: no\_bankid:9578-5995-4-52579

IP: 161.4.xxx.xxx

2025-04-25 06:29:11 UTC



### Schøyen, Helle Kristine

Styremedlem

Serienummer: no\_bankid:9578-5999-4-1447064

IP: 161.4.xxx.xxx

2025-04-25 06:45:52 UTC



Penneo Dokumentnøkkel: SYX6-CU2EE-64HZW-JLCGW-TZWIT-P3LKV

Dette dokumentet er signert digitalt via [Penneo.com](https://penneo.com). De signerte dataene er validert ved hjelp av den matematiske hashverdien av det originale dokumentet. All kryptografisk bevisføring er innebygd i denne PDF-en for fremtidig validering.

Dette dokumentet er forseglet med et kvalifisert elektronisk segl ved bruk av et sertifikat og et tidsstempel fra en kvalifisert tilstjenesteleverandør.

#### Slik kan du bekrefte at dokumentet er originalt

Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, kan du se at det er sertifisert av **Penneo A/S**. Dette beviser at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret siden tidspunktet for signeringen. Bevis for de individuelle signatørens digitale signaturer er vedlagt dokumentet.

Du kan bekrefte de kryptografiske bevisene ved hjelp av Penneos validator, <https://penneo.com/validator>, eller andre valideringsverktøy for digitale signaturer.



## PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

### Torgersen, Helge

Styreleder

Serienummer: no\_bankid:9578-5995-4-620303

IP: 84.215.xxx.xxx

2025-04-27 20:06:52 UTC



### Wille, Ina Nikoline

Styremedlem

Serienummer: no\_bankid:9578-5997-4-673999

IP: 161.4.xxx.xxx

2025-04-28 07:37:39 UTC



### HOVLAND, ANDERS

Styremedlem

Serienummer: no\_bankid:9578-5993-4-4101903

IP: 161.4.xxx.xxx

2025-04-28 12:54:09 UTC



### Engelund, Mona

Styremedlem

Serienummer: no\_bankid:9578-5997-4-537139

IP: 161.4.xxx.xxx

2025-04-29 05:48:35 UTC



Penneo Dokumentnøkkel: SYX6-CU2EE-64HZW-JLCGW-1ZWIIF-P3LKV

Dette dokumentet er signert digitalt via [Penneo.com](https://penneo.com). De signerte dataene er validert ved hjelp av den matematiske hashverdien av det originale dokumentet. All kryptografisk bevisføring er innebygd i denne PDF-en for fremtidig validering.

Dette dokumentet er forseglet med et kvalifisert elektronisk segl ved bruk av et sertifikat og et tidsstempel fra en kvalifisert tilstjenesteleverandør.

#### Slik kan du bekrefte at dokumentet er originalt

Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, kan du se at det er sertifisert av **Penneo A/S**. Dette beviser at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret siden tidspunktet for signeringen. Bevis for de individuelle signatørens digitale signaturer er vedlagt dokumentet.

Du kan bekrefte de kryptografiske bevisene ved hjelp av Penneos validator, <https://penneo.com/validator>, eller andre valideringsverktøy for digitale signaturer.

**Resultatregneskap**

Alle tall i 1000 NOK

**Sjukehusapoteka Vest HF**

	Note	2024	2023
<b>DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER</b>			
Basisramme	2,3	11 544	9 559
Anna driftsinntekt	2,3	1 657 883	1 498 737
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>1 669 427</b>	<b>1 508 296</b>
<b>DRIFTSKOSTNADER</b>			
Kjøp av helsetenester	4	86	245
Varekostnad	5	1 321 268	1 193 828
Lønn og andre personalkostnader	6,16	236 680	218 909
Ordinære avskrivningar	10	7 464	7 773
Nedskrivning	10	0	18 849
Andre driftskostnader	6,7,10	103 414	90 086
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>1 668 912</b>	<b>1 529 690</b>
<b>Resultat frå drifta</b>		<b>515</b>	<b>-21 394</b>
<b>FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER</b>			
Finansinntekter	8	3 585	3 059
Andre finanskostnader	8	394	166
<b>Netto finansresultat</b>		<b>3 191</b>	<b>2 893</b>
<b>Resultat før skattekostnad</b>		<b>3 706</b>	<b>-18 502</b>
Skattekostnad på ordinært resultat	9	-581	310
<b>RESULTAT FOR ÅRET</b>		<b>4 287</b>	<b>-18 812</b>
<b>OVERFØRINGAR:</b>			
Overført annan egenkapital	15	4 287	-18 812
<b>Sum overføringar:</b>		<b>4 287</b>	<b>-18 812</b>

Penneo Dokumentnøkkel: SC6GI-WBESQ-1ZYDE-KLILW-OM8LO-Q1Y76



## Balanse

Alle tall i 1000 NOK

### Sjukehusapoteka Vest HF

	Note	2024	2023
<b>EIGEDLAR</b>			
Anleggsmidler			
<b>Immaterielle driftsmidler</b>			
Lisensar, programvare og goodwill	10	49 263	40 894
Utsett skattefordel	9	2 918	2 337
<b>Sum immaterielle egedelar</b>		<b>52 181</b>	<b>43 231</b>
<b>Varige driftsmidler</b>			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	10	17 400	19 883
Medisinsk teknisk utstyr, inventar, transportmidlar o.l	10	16 598	21 817
Anlegg under utføring	10	36 123	9 712
<b>Sum varige driftsmidler</b>		<b>70 121</b>	<b>51 412</b>
<b>Finansielle anleggsmidler</b>			
Investering i andre aksjar og partar	11	863	770
Andre finansielle anleggsmidler		7	7
Pensjonsmidlar	16	109 405	93 207
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>110 276</b>	<b>93 984</b>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>232 578</b>	<b>188 627</b>
<b>Omløpsmidlar</b>			
Varer	12	67 429	62 924
Krav	13,21	181 731	324 187
Bankinnskot, kontantar og liknande	14	7 870	7 787
<b>Sum omløpsmidlar</b>		<b>257 031</b>	<b>394 897</b>
<b>SUM EIGEDLAR</b>		<b>489 609</b>	<b>583 524</b>

Perneo Dokumentnøkkel: SC6GI-WBESQ-1ZYDE-KLILW-OMBL0-Q1Y76

## Balanse

### Sjukehusapoteka Vest HF

Sjukehusapoteka Vest HF Org.nr. 983974716



Alle tall i 1000 NOK

	Note	2024	2023
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Føretakskapital	15	100	100
Annan innskoten eigenkapital	15	10 943	10 943
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>11 043</b>	<b>11 043</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Annan eigenkapital	15	212 727	208 440
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>212 727</b>	<b>208 440</b>
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>223 770</b>	<b>219 483</b>
<b>Gjeld</b>			
Pensjonsforpliktingar	16	128	0
<b>Sum avsettingar for forpliktingar</b>		<b>128</b>	<b>0</b>
<b>Anna langsiktig gjeld</b>			
Langsiktig gjeld til føretak i samme konsern	17	20 000	0
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>		<b>20 000</b>	<b>0</b>
<b>Sum langsiktige forpliktingar og anna langsiktig gjeld</b>		<b>20 128</b>	<b>0</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Skuldige offentlege avgifter		17 591	24 568
Anna kortsiktig gjeld	18,21	228 120	339 474
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>245 711</b>	<b>364 042</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>265 839</b>	<b>364 042</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>489 609</b>	<b>583 524</b>

Bergen, 13.03.2025  
Styret for Sjukehusapoteka Vest HF

Helge Torgersen  
Styreleder

Tonje Folkvang  
Daglig leder

Arve Varden  
Nestleder

Anders Hovland  
Styremedlem

Clara Beate Gram Gjesdal  
Styremedlem

Helle Kristine Schøyen  
Styremedlem

Ina Nikoline Wille  
Styremedlem

Espen Frøvold  
Styremedlem

Mona Englund  
Styremedlem

Eszter Albers-Kövendi  
Styremedlem

Sjukehusapoteka Vest HF Org.nr. 983974716

**Kontantstrømoppstilling**

Alle tall i 1000 NOK

**Sjukehusapoteka Vest HF**

	2024	2023
<b>KONTANTSTRAUMAR FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR:</b>		
Årsresultat	4 287	-18 812
Skatteutbetalinger	-581	310
Tap/vinst ved sal av anleggsmidler	-382	0
Ordinære avskrivningar	7 464	7 773
Nedskrivningar varige driftsmidler	0	18 849
Endring i omløpsmidlar	3 071	-12 524
Endring i kortsiktig gjeld	-118 331	130 449
Forskjell kostnadsført pensjon og inn-/utbetalinger	-16 070	-13 011
<b>Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar</b>	<b>-120 542</b>	<b>113 035</b>
<b>KONTANTSTRAUMER FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR:</b>		
Innbetaling ved sal av varige driftsmidler	1 600	0
Utbetaling ved kjøp av varige driftsmidler	-35 760	-30 686
Utbetalinger ved kjøp av andre finansielle egedelar	-93	-87
<b>Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar</b>	<b>-34 253</b>	<b>-30 773</b>
<b>KONTANTSTRAUMAR FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR:</b>		
Innbetaling ved opptak av ny langs. gjeld	20 000	0
Endring mellomverande konsernkontoordning	134 879	-81 496
<b>Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar</b>	<b>154 879</b>	<b>-81 496</b>
Netto endring i likviditet	84	766
Likvide midlar 01.01	7 787	7 021
<b>Likvide midlar 31.12</b>	<b>7 871</b>	<b>7 787</b>
Herav skattetrekk og andre bundne midlar	7 779	7 355
<b>Likviditetsreserve 31.12*</b>	<b>92</b>	<b>431</b>

Konsern bankkonti er lista opp som kortsiktig fordring, sjå note 13

Penneo Dokumentnr: SC6GI-WBESQ-1ZYDE-KLILW-OM8LO-Q1Y76



## Note 1 Rekneskapsprinsipp

### Generelt om rekneskaper

Rekneskaper for 2024 er sett opp i samsvar med Rekneskapslova av 1998, jf. Lov om helseføretak. Den er utarbeidd etter norske rekneskapsstandardar og retningslinjer gjevne av eigar.

Sjukehusapoteka Vest HF blei stifta 01.01.02 etter lov om helseføretak. På same tida blei anleggsmiddel og forplikningar netto kr 10 943 027 overført til Sjukehusapoteka Vest HF som eit tingsinnskot.

Som følgje av at helseføretaka er non-profit-verksemder der eigar har stilt krav om resultatmessig balanse i drifta, men ikkje krav til avkastning på innskoten kapital, representerer bruksverdi verkeleg verdi for anleggsmidlane. For publikumsekspedisjon er det krav om avkastning på linje med alternativ bruk av kapital og avkastning elles i apotekbransjen.

I opningsbalansen er bruksverdi sett til attkjøpsverdi redusert for slit og elde og justert for teknisk standard. Der det på overtakingstidspunktet var kjent at bygga ikkje ville bli tatt i bruk eller berre tatt i bruk for ein kortare periode, er verdien på opningsbalansen redusert. For bygg og tomter er denne verdien basert på takstar utarbeidd av uavhengige miljø hausten 2001.

### Konsolidering

Sjukehusapoteka Vest HF går inn i konsernrekneskaper til Helse Vest og utarbeider ikkje eige konsernrekneskap. Konsernspissen Helse Vest RHF utarbeider den konsoliderte rekneskaper. Konsernrekneskaper utleverast på forespørsel ved å henvende seg til Helse Vest RHF, Knud Holms gate 8, 4005 Stavanger.

### Grunnleggjande prinsipp - vurdering og klassifisering

Årsrekneskaper er bygd på dei grunnleggjande prinsippa om historisk kost, samanstilling, vidare drift, kongruens og varsemd. Transaksjonar regnskapsførast til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekter resultatførast når dei er opptente og kostnader samanstillast med opptente inntekter.

### Prinsipp for inntektsføring

Sal av varer blir inntektsført ved levering. Tenester blir inntektsførte i den perioden dei blir utførte.

Øyremerka tilskot blir inntektsførte i takt med bruk av midlane. Tilskot til investeringar blir inntektsførte i same periode som avskrivningane på dei aktuelle investeringane.

Gåver vert brukt i samsvar med dei vilkåra eller ynskje givar har for bruk av midlane. Dersom givar har vilkår eller ynskje om at gåva skal brukast til konkrete aktivitetar, prosjekt eller investeringar, klassifiserast ho som tilskot og regnskapsførast etter reglane for øyremerka tilskot.

### Kostnadsføringstidspunkt samanstilling

Utgifter blir samanstillt med og kostnadsførast samtidig med inntektsføring av dei inntekter utgiftene kan knytast til. Utgifter som ikkje kan knytast direkte til inntekter, kostnadsførast når dei vert pådregne.

### Klassifisering og vurdering av balansepostar

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar poster som forfell til betaling innan eit år etter anskaffingstidspunktet, og dessutan poster som knyter seg til varekrinsløpet. Andre poster er klassifiserte som anleggsmidlar/langsiktig gjeld.

Omløpsmidlar er vurderte til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Vurdering av anleggsmidlar skjer til kostpris. Anleggsmidlar som har avgrensa økonomisk levetid skal avskrivast etter ein plan. Anleggsmidlar vert nedskrivne til verkeleg bruksverdi ved verdifall som ikkje må ventast å vere forbigåande. Nedskrivninga blir reversert i den grad grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er til stades.

Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Første års avdrag på langsiktig gjeld visast som langsiktig gjeld.

### Immaterielle eigedelar

Utgifter til utvikling balanseføres i den grad det kan identifiserast ein framtidig økonomiske gevinst knyta til utvikling av identifiserbare immaterielle eigenandelar. I motsett tilfelle kostnadsførast utgifta løypande. Balanseført utviklings avskrivast lineært over den økonomiske levetida.

Utgifter til andre immaterielle eigedelar er balanseførte i den utstrekning kriterier for balanseføring er oppfylt, det vil seie at det forventast at dei vil gje framtidige inntekter eller vesentlege reduksjonar i framtidige kostnader. Dette gjeld i hovudsak utgifter til lisensar og programvare. Immaterielle eigedelar som er balanseførte avskrivast lineært over forventade økonomisk levetid frå det tidspunktet eigedelen blir teken i bruk.

Sjukehusapoteka Vest HF Org.nr. 983974716



## Varige driftsmidler

Varige driftsmidler omfatter eiendom, anlegg og utstyr som er rekna for bruk i produksjon, levering av varer eller administrative føremål og som har varig levetid. Desse balanseførte til kost fråtrekt eventuelle akkumulerte av- og nedskrivningar.

Driftsmidler reknast som varige dersom dei har ei økonomisk levetid på over 3 år, samt ein kostpris på over kr 100 000.

Varige driftsmidler avskrivast hovudsakleg lineært over økonomisk levetid frå det tidspunktet driftsmidlane blir teke i bruk. Det vert teke omsyn til utrangeringsverdi når avskrivingsplanane vert fastsette. Dersom det finnest indikasjonar på at driftsmidlar har falle i verdi, blir driftsmidlane nedskrivne til den verdien som kan attvinnast dersom denne er lågare enn regnskapsført verdi.

Tomter avskrivast ikkje då ein antar at dei ikkje har ei avgrensa levetid.

Investeringar i nybygg vert balanseførte etter kvart som kostnadene vert pådregne. Ved dekomponering av balanseførte kostnader til nybygg vert reelle kostnader for dei ulike bygningsdelane lagt til grunn. Finansieringsutgifter ved tilverking av egne driftsmidler balanseføres.

Påkostnader eller betringar blir lagde til driftsmidlets kostpris og avskrivne i takt med driftsmidlet, mens utgifter til vedlikehald og reparasjonar blir kostnadsførte etter kvart som dei kjem på.

Ved sal og utrangering av anleggsmidler blir vinning ført under andre driftsinntekter og tap under andre driftskostnader.

## Dotterføretak

Som dotterføretak reknast anna føretak der helseføretaket normalt har en eigardel på over 50 %, kor investeringa er av langvarig og strategisk karakter og kor helseføretaket har bestemmande innflytelse. Dotterføretak vurderast etter kostmetoden i føretakets rekneskap. Investeringa er vurdert til anskaffingskost med mindre nedskrivning har vore nødvendig. Det blir gjort nedskrivning til verkeleg verdi når det oppstår verdifall som skyldast årsaker som ikkje kan antakast å være forbigåande og det er nødvendig etter god regnskapsskikk. Nedskrivningar reverserast når grunnlaget for nedskrivning ikkje lenger er til stades.

## Felleskontrollert føretak

Som felleskontrollert føretak reknast føretak kor deltakarane saman har felles kontroll. Ingen deltakar aleine har bestemmande innflytelse, men saman har ein bestemmande innflytelse. Samarbeidet må være regulert i ei samarbeidsavtale som heimlar felles kontroll, og deltaking må ikkje være mellombels.

## Tilknytt føretak

Med tilknytt føretak meiner ein føretak kor investor har betydeleg påverknad utan at det føreligg konsernforhold eller felles kontrollert verksemd. Med betydeleg påverknad meiner ein normalt verksemd der føretaket eig mellom 20 og 50 prosent.

Slike føretak blir vurdert etter kostmetoden i selskapsrekneskapen. Dette inneber at verksemda er vurdert til innkjøpskost for aksjane med mindre det har vore nødvendig med nedskrivning. Det er gjort nedskrivning til verkeleg verdi når verdifall har årsaker som ikkje blir vurderte som forbigåande, og det må sjåast naudsynt etter god rekneskapsskikk. Nedskrivningar er førte attende når grunnlaget for nedskrivning ikkje lenger er til stades.

Utbytte og andre utdelingar er inntektsførte same år som dei er avsette i det tilknytte føretaket. Dersom utbyttet overstig det tilbakehaldne resultatet etter kjøpet, representerer den overskytande delen tilbakebetaling av investert kapital, og utdelingane er trekte frå verdien på investeringa i balansen.

I konsernrekneskapen vert tilknytte føretak vurdert etter eigenkapitalmetoden.

## Eigenkapitalinnskott i KLP

Eigenkapitalinnskott i KLP er separate finansielle egedelar og blir vurderte til kostpris, men blir nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje må ventast å vera forbigåande.



## Pensjonar

Pensjonsordninga er behandla i rekneskopen etter Norsk Rekneskapsstandard, NRS 6 Pensjonskostnader. Føretaksgruppa følgjer oppdatert rettleiing om pensjonsføresetnader frå Norsk Regnskapsstiftelse justert for føretaksspesifikke forhold. Parameter som er nytta går fram av note om pensjonar. Helseregionenes pensjonsordningar, medrekna AFP, er å rekne som ytingsbaserte planar.

Pensjonskostnader og pensjonsforpliktingar blir utrekna etter lineær opptening basert på føresetnadar om diskonteringsrente, framtidig regulering av lønn, pensjonar og ytingar frå folketrygda, framtidig avkastning på pensjonsmidlane og føresetnader frå aktuaren om dødelegheit, frivillig avgang osv.

Pensjonsmidlane er vurderte til verkeleg verdi. Netto pensjonsforplikting består av brutto pensjonsforplikting fråtrekt verkeleg verdi av pensjonsmidlane. Netto pensjonsforplikting balanseførast som avsetning for forpliktingar, mens overfinansiert pensjonsordning er klassifisert som langsiktig fordringar i balansen. Arbeidsgivaravgift er lagt til for begge ordningane.

Endringar i forpliktinga som kjem av endringar i pensjonsplanar bli fordelte over antatt gjennomsnittleg attverande oppteningstid. Endringar i pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar som kjem av endringar i og avvik mot føresetnadene i utrekningane (estimatendringar) er fordelte over antatt gjennomsnittleg attverande oppteningstid for den del av avvika som overstig 10 prosent av det høgaste av brutto pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar (korridor). Antatt gjennomsnittleg attverande oppteningstid er sett til 12 år.

Periodens netto pensjonskostnad er inkludert i lønn og sosiale kostnader, og utgjer summen av periodens pensjonsopptening, rentekostnad på berekna pensjonsforplikting, forventa avkastning av pensjonsmidlane, resultatført verknad av endringar i estimat og pensjonsplanar, resultatført verknad av avvik mellom faktisk og forventa avkastning, samt periodisert arbeidsgivaravgift.

Usikkerheita er i stor grad knytt til bruttoforplikting og ikkje til den nettoforplikting som framkjem i balansen. Estimatendringar som fylgje av endring i nemnte parameter vil i stor utstrekking periodiserast over gjennomsnittleg attverande oppteningstid og ikkje straks belaste resultatregnskapet slik som andre estimatendringar.

Arbeidstakars del av pensjonspremien er kome til frådrag i lønnskostnaden.

## Varelager

Lager av innkjøpte varer er verdsett til lågaste av innkjøpskost etter FIFO- prinsippet og verkeleg verdi. Om det av systemårsaker har vore umogeleg å nytte FIFO-prinsippet, er gjennomsnittsprisen lagd til grunn. Nedskrivning for pårekeleg ukurans er gjort i samsvar med god rekneskapskikk.

## Krav

Kundekrav og andre krav er førte i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til venta tap. Avsetning til tap kjem fram etter ei konkret vurdering av enkeltkrav og av dei samla krava. Det er i tillegg gjort sjablongmessig avsetning for dei krava det ikkje er gjort konkret avsetning for. Den sjablongmessige avsettinga er gjort på grunnlag av aldersfordeling av fordringsmassen.

## Uvisse forpliktingar

Om det er meir sannsynleg enn ikkje at ei forplikting vil kome til oppgjer, og verdien kan bereknast påliteleg, blir det avsett for den uvisse forpliktinga etter beste estimat.

## Segment

Inndelinga i segment bygger på interne styrings- og rapporteringsformål i føretaket. Det blir presentert tal for verksemdsråda. Tala er avstemt mot årsresultat- og balanse i føretaket. Ein har i tillegg klassifisert inntektene etter geografi med utgangspunkt i bustaden til pasientane.

## Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd etter den indirekte metoden. Dette inneber at ein i analysen tek utgangspunkt i årsresultatet for føretaket for å kunne presentere kontantstraumar tilførte frå høvesvis ordinær drift, investeringsverksemd og finansieringsverksemd.

## Konsernkontoordning

Det er etablert konsernkontoordning i DNB Bank ASA. Innskot og gjeld innanfor denne ordninga er i rekneskopen for føretaket klassifisert som kortsiktig krav/gjeld til Helse Vest RHF.

## Valuta

Pengepostar i utanlandsk valuta er vurderte etter kursen ved utgangen av rekneskapsperioden.



## Endringer i rekneskapsprinsipp og feil

Verknad av endringar i rekneskapsprinsipp og korrigeringar av vesentlege feil i tidlegare års rekneskap blir førte direkte mot eigenkapitalen og samanlikningstal er endra.

## Samanlikningstal for førre året

Der ny klassifisering er meir korrekt, er samanlikningstal endra tilsvarande.

## Skatt

Sjukehusapoteka Vest HF er skattepliktige for overskot vedkommande publikumsekspedisjonen.

Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar både skatt som skal betalast og utsett skatt i perioden. Utsett skatt er rekna ut på grunnlag av dei mellombelse forskjellane som eksisterer mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, samt eventuelt likningsmessig underskot til framføring ved utgongen av rekneskapsåret. Midlertidige forskjellar som aukar eller reduserer skatt i same periode, er utlikna. Oppføring av utsett skattefordel på netto skattereduserande forskjellar som ikkje er utlikna og underskot til framføring er grunna i forventa inntening i framtida.

Utsett skatt i både føretaket sin rekneskap og føretaksgruppa sin rekneskap er i rekneskapen ført med nominelt beløp.



## Note 2 Rapportering frå verksemda

	2024	2023
Sjukehusekspedisjon	683 050	603 708
Publikumsekspedisjon	377 049	353 812
Produksjon	568 722	522 122
Rådgiving	46 548	42 646
Steril-ikkje steril og krem-og salveproduksjon	18 122	22 526
Eindose	5 035	0
Anna	24 888	22 006
Eliminert intern omsetning	-53 987	-58 524
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>1 669 427</b>	<b>1 508 296</b>
Sjukehusekspedisjon	693 991	611 444
Publikumsekspedisjon	379 687	352 458
Produksjon	544 931	502 627
Rådgiving	46 308	42 502
Steril-ikkje steril og krem-og salveproduksjon	20 279	31 667
Eindose	5 035	0
Anna	32 632	47 522
Eliminert intern kjøp	-53 951	-58 530
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>1 668 912</b>	<b>1 529 690</b>
<b>Driftsinntekter fordelt på geografi</b>		
<i>Heile 1000 kroner</i>		
Helse Vest sitt opptaksområde	1 669 427	1 508 296
Resten av landet		
Utlandet		
<b>Sum</b>	<b>1 669 427</b>	<b>1 508 296</b>

Perneo Dokumentnøkkel: SC6GI-WBESQ-1ZYDE-KLILW-OM8LO-Q1Y76



## Note 3 Totale driftsinntekter

Heile 1000 kroner

	2024	2023
Basisramme		
Basisramme	11 544	9 559
Øymerka tilskot til andre føremål	38	0
Driftsinntekter apoteka	1 657 845	1 498 737
<b>Sum</b>	<b>1 669 427</b>	<b>1 508 296</b>

## Note 4 Kjøp av helsetenester

Heile 1000 kroner

Produksjonsanalyser	86	245
<b>Sum kjøp av helsetenester</b>	<b>86</b>	<b>245</b>

## Note 5 Varekostnad

Heile 1000 kroner

Medisinske forbruksvarer	9 493	7 650
Andre varekostnader til eige bruk	- 1 913 -	1 289
Innkjøpte varer for vidaresal	1 313 080	1 186 273
Endring varer i arbeid og ferdigtilverka varer	608	1 194
<b>Sum varekostnader</b>	<b>1 321 268</b>	<b>1 193 828</b>

## Note 6 Lønn og andre godtgjersler

Heile 1000 kroner

Lønnskostnader	175 901	161 533
Arbeidsgjevaravgift	26 588	24 225
Pensjonskostnader inkl. arbeidsgjevar avgift	28 951	28 279
Andre ytingar	5 241	4 872
<b>Sum lønn og personalkostnader</b>	<b>236 680</b>	<b>218 909</b>

Gjennomsnittleg tal på tilsette	349	323
Gjennomsnittleg tal på årsverk	297	286

### Ytingar og lån og trygghetsstillelser til leiande personar

Frå og med rekneskapsåret 2022 er føretak med statleg eigardel underlagt retningsliner for leiarlønn og leiarlønsrapportering i asal § 6-16a og b. Dette inneber at det blir utarbeid ein eigen leiarlønsrapport og at opplysningar om eventuelle ytingar, lån og sikkerhetsstillelser til leiande personar etter regnskapslovas § 7-31b og § 7-32 første ledd blir gitt i denne rapporten.



## Godtgjersle til revisor

Heile 1000 kroner

	2024	2023
Revisjon etter lova	263	244
Utvida revisjon	0	0
Andre oppgaver som vedkjem attestasjonar	53	48
Andre tenester utanfor revisjon	11	1
<b>Sum honorar til revisor</b>	<b>327</b>	<b>293</b>

Honorar til revisor i høve til inngått avtale	350	240
---	-----	-----

Honorar til revisor er oppgitt eksklusiv meirverdiavgift.

## Note 7 Andre driftskostnader\*

Heile 1000 kroner

Kostnader lokale inkl. energi og brensel	28 924	22 552
Kjøp og leige av medisinskteknisk utstyr, mv	3 990	3 914
Reparasjon, vedlikehald og service	2 785	2 635
Konsulenttenester	7 754	8 278
IKT tenester	37 213	31 137
Anna ekstern teneste	10 502	10 878
Kontor- og kommunikasjonskostnader	2 516	1 586
Reisekostnader	3 876	3 671
Forsikringskostnader	-	195
Programvarelisenser	2 236	1 881
Andre driftskostnader	3 617	3 360
<b>Sum andre driftskostnader</b>	<b>103 413</b>	<b>90 086</b>

\*Denne noten har fått nye grupperingar sidan 2023 fordelinga for å tilpasse seg ny nasjonalstandard.

## Note 8 Finansposter

Heile 1000 kroner

Interne renteinntekter i føretaksgruppa	3 110	2 737
Andre renteinntekter	472	316
Andre finansinntekter	3	6
<b>Sum finansinntekter</b>	<b>3 585</b>	<b>3 059</b>

Interne rentekostnader i føretaksgruppa	309	54
Andre rentekostnader	66	17
Andre finanskostnader	19	39
<b>Sum finanskostnader</b>	<b>394</b>	<b>166</b>

Sjukehusapoteka Vest HF Org.nr. 983974716



## Note 9 Skatt

Heile 1000 kroner

Publikumsekspedisjonen er skattepliktig. Endring i midlertidige forskjellar er endring gjennom året. Skatteutrekninga tar utgangspunkt i resultat for publikumsekspedisjonen.

	2024	2023
<b>Mellombelse forskjellar</b>		
Anleggsmidlar	1 838	2 357
Omløpsmidlar	- 315 -	93
Netto pensjonsmidlar	18 129	15 536
<b>Netto mellombelse forskjellar</b>	<b>19 652</b>	<b>17 800</b>
Underskot til framføring	- 32 917 -	28 422
<b>Grunnlag for utsatt skatt/skattefordel i balansen</b>	<b>- 13 265 -</b>	<b>10 622</b>
22% utsett skatt (utsett skattefordel)	- 2 918 -	2 337
<b>Utsett skatt (utsett skattefordel)</b>	<b>- 2 918 -</b>	<b>2 337</b>
<b>Grunnlag for betalbar skatt</b>		
Resultat før skattekostnad for publikumsekspedisjonen	- 2 643	1 411
Endring i midlertidige forskjellar	- 2 434 -	2 868
<b>Grunnlag for betalbar skatt</b>	<b>- 5 077 -</b>	<b>1 457</b>
Endring i utsett skatt(22%)	- 581	310
<b>Sum skattekostnad på ordinært resultat</b>	<b>- 581</b>	<b>310</b>
<b>Spesifikasjon av skattekostnad</b>		
<b>22% skatt av resultat før skatt</b>	<b>- 581</b>	<b>310</b>
<b>Utrekna skattekostnad</b>	<b>- 581</b>	<b>310</b>

Penneo Dokumentnøkkel: SC6GI-WBESQ-1ZYDE-KLILW-OM8LO-Q1Y76



## Note 10 Immaterielle egedelar og varige driftsmidler

### Immaterielle egedelar

Heile 1000 kroner

	FoU	Lisenser og programvare	Prosjekt under utvikling	Sum
Kostpris 01.01		1 320	55 347	56 667
Tilgang			8 633	8 633
Tilgang verksemdsoverdraging				0
Avgang				0
Frå prosjekt under utvikling				0
<b>Kostpris 31.12</b>	-	<b>1 320</b>	<b>63 981</b>	<b>65 301</b>
Akkumulerte avskrivningar		286		286
Akkumulerte nedskrivningar			15 751	15 751
<b>Balansført verdi 31.12</b>	-	<b>1 034</b>	<b>48 230</b>	<b>49 264</b>
Ordinære avskrivningar i året		264		264
Ordinære nedskrivningar				

### Varige driftsmidler

Heile 1000 kroner

	Tomter og bustader	Bygningar	Anlegg under utføring	Medisinsk-teknisk utstyr	Transport-middel, inv.og utstyr	Sum
<b>Kostpris 01.01</b>		<b>26 720</b>	<b>9 712</b>	<b>19 288</b>	<b>44 313</b>	<b>100 033</b>
Tilgang i året			26 791	1 443	- 1 107	27 127
Tilgang verksemdoverføring						0
Avgang i året			-	5 553	-	5 553
Frå anlegg til utføring			- 379	370	9	0
<b>Kostpris 31.12</b>	<b>0</b>	<b>26 720</b>	<b>36 123</b>	<b>15 548</b>	<b>43 215</b>	<b>121 607</b>
Akk. avskrivningar 31.12		9 321		7 114	35 052	51 486
Akk. nedskrivningar 31.12						0
<b>Balansført verdi 31.12</b>	<b>0</b>	<b>17 400</b>	<b>36 123</b>	<b>8 435</b>	<b>8 163</b>	<b>70 121</b>
Ordinære avskrivningar i året		2 483		1 561	3 155	7 200
Nedskrivningar i året						

Penneo Dokumentnøkkel: SC6GI-WBESQ-1ZYDE-KLILW-OM8LO-Q1Y76



## Leigeavtaler

Heile 1000 kroner

	Tomter og bustader	Bygningar	Anlegg under utføring	Medisinsk- teknisk utstyr	Transport- middel, inv.og utstyr	Sum
Leigebeløp		21 053		17	772	<b>21 842</b>
Rest leigetid		1-10 År		1-3År	1-3 År	

## Note 11 Investeringar i aksjar og partar

Heile 1000 kroner

	2024	2023
Eigenkapitalinnskot i KLP	863	770
<b>Sum investeringar i andre aksjar og partar</b>	<b>863</b>	<b>770</b>

KLP, som er eit gjensidig selskap, har dekkja behovet for eigenkapital gjennom innskot frå kundane. I tillegg til dette kapitalinnskotet er det bygd opp eit eigenkapitalfond i selskapet for kvar kunde. Dette fondet består av opptent eigenkapital. Det samla eigenkapitalinnskotet i KLP kan endrast noko frå år til anna sjølv om det korkje er tapt eigenkapital eller innbetalt nye innskot. Om ein kunde flyttar pensjonsordninga si frå KLP til ein annan pensjonsinnretning vil kunden sin del av eigenkapitalinnskotet bli betalt attende. Dette er den einaste situasjonen der kunden faktisk kan disponera eigenkapitalinnskotet sitt.

## Note 12 Varelager

Heile 1000 kroner

### Varer for vidareasal:

Råvarer	904	1 683
Ferdigvarer	682	1 457
Handelsvarer	65 844	59 785
<b>Sum varelager</b>	<b>67 429</b>	<b>62 924</b>
Kostpris lager	67 429	62 924
<b>Bokført verdi 31.12</b>	<b>67 429</b>	<b>62 924</b>

Penneo Dokumentnøkkel: SC6GI-WBESQ-1ZYDE-KLILW-OM8LO-Q1Y76



### Note 13 Kundekrav og andre krav

Heile 1000 kroner

	2024	2023
Kundekrav	17 348	23 157
Konsernkonto	21 780	156 660
Krav på føretak i føretaksgruppa	138 586	143 650
Oppsamla innteker	286 -	143
Andre kortsiktige fordringer	4 420	1 164
<b>Sum fordringar</b>	<b>182 421</b>	<b>324 487</b>

Endring i avsetting tap på kundekrav:

Avsett for tap på krav per 1.1	300	295
Endring i året i avsetting tap på kundekrav	390	5
<b>Avsett for tap på krav 31.12</b>	<b>690</b>	<b>300</b>

Konstaterte tap på krav i året	10	47
--------------------------------	----	----

**Kundekrav har følgjande fordeling på forfall:**

Krav som ikkje er forfalt	15 233	18 221
Forfalte krav 1 - 30 dagar	1 015	3 722
Forfalte krav 31 - 60 dagar	301	499
Forfalte krav 61 - 90 dagar	38	40
Forfalte krav over 90 dagar	762	674
<b>Kundefordringar pålydande per 31.12.</b>	<b>17 348</b>	<b>23 157</b>

Penneo Dokumentnr: SC6GI-WBESQ-1ZYDE-KLILW-OM8LO-Q1Y76



## Note 14 Kontantar og bankinnskot

Heile 1000 kroner

	2024	2023
Skattetrekksmidler	7 779	7 355
<b>Sum bundne kontantar og bankinnskot</b>	<b>7 779</b>	<b>7 355</b>
Bankinnskot og kontantar som ikkje er bundne	92	431
<b>Sum kontantantar og bankinnskot</b>	<b>7 870</b>	<b>7 787</b>

Helse Vest har konsernkontoordning i DNB Bank ASA. Helse Vest RHF har driftskreditt i Noregs Bank.

## Note 15 Eigenkapital

Heile 1000 kroner

	Føretakskapital	Annan innskoten eigenkapital	Fond for vurderingsforskjell ar	Annan eigenkapital	Total eigenkapital
Eigenkapital 31.12. i fjor	100	10 943		208 440	<b>219 483</b>
Korr. av feil i tidl. årsrekneskap					
<b>Eigenkapital 01.01. i år</b>	<b>100</b>	<b>10 943</b>	<b>0</b>	<b>208 440</b>	<b>219 483</b>
Eigenkapitalstransaksjonar					
Resultat dette året				4 287	<b>4 287</b>
<b>Eigenkapital 31.12. i år</b>	<b>100</b>	<b>10 943</b>	<b>0</b>	<b>212 727</b>	<b>223 770</b>

Eigenkapitalen beløp seg til 1 part lydande på kr 100 000. Parten er eigd av Helse Vest RHF.

## Styringsmål frå eigar

Heile 1000 kroner

	2024	2023	2002-2024
Årsresultat	4 287	-18 812	215 033
Overført frå strukturfond			
Korrigert for endra levetider			
<b>Korrigert resultat</b>	<b>4 287</b>	<b>-18 812</b>	<b>215 033</b>
Pensjonskostnader det er teke omsyn til i resultatkravet*			-10 574
<b>Resultat jf. økonomiske krav</b>	<b>4 287</b>	<b>-18 812</b>	<b>204 459</b>
Resultatkrav	9 000	9 000	199 526
<b>Avvik frå resultatkrav</b>	<b>-4 713</b>	<b>-27 812</b>	<b>4 933</b>



## Note 16 Pensjon

Heile 1000 kroner

	2024	2023
Oppsamla pensjonsforplikting	680 680	664 030
Pensjonsmidlar	632 223	561 362
<b>Netto pensjonsforplikting</b>	<b>-48 457</b>	<b>-102 668</b>
Arbeidsgiveravgift på netto pensjonsforplikting	-6 832	-14 476
Ikkje resultatført tap/vinst av estimat- og planavvik inkl. aga	164 567	210 351
<b>Netto bokførte midler inkl. arbeidsgivaravgift</b>	<b>109 277</b>	<b>93 207</b>
Av dette balanseført netto pensjonsforplikting inkl. aga.	-128	0
Av dette balanseført netto pensjonsmidlar inkl. aga.	109 405	93 207
Av pensjonsmidlar utgjør premiefond	1 513	1 557
<b>Spesifikasjon av pensjonskostnad:</b>		
Noverdi av opptente pensjonsrettar i året	21 782	21 188
Rentekostnad på pensjonsforpliktinga	20 382	18 019
<b>Brutto pensjonskostnad i året</b>	<b>42 164</b>	<b>39 207</b>
Venta fortjeneste på pensjonsmidlar	-29 684	-26 420
Administrasjonskostnader	2 238	2 028
<b>Netto pensjonskostnad inkl. administrasjonskostnad</b>	<b>14 718</b>	<b>14 815</b>
Aga netto pensjonskostnad inkl. adm.kostnad	2 075	2 089
Resultatført aktuarielt tap(vinst)	10 615	10 014
Resultatført aga av aktuarielt tap(vinst)	1 531	1 445
<b>Netto pensjonskostn. inkl. arbeidsgivaravgift</b>	<b>28 940</b>	<b>28 362</b>
Andre pensjonskostnader*	12	-83
<b>Sum pensjonskostnader</b>	<b>28 951</b>	<b>28 279</b>
<b>Økonomiske føresetnader:</b>		
Diskonteringsrente	3,90	3,10
Venta fortjeneste på pensjonsmidlar	5,80	5,20
Årleg vekst i lønn	4,00	3,50
Årleg pensjonsregulering	3,00	2,80
Årleg vekst i grunnbeløp til folketrygda	3,75	3,25
Talet på yrkesaktive personar med i ordninga	411	387
Talet på oppsette personar med i ordninga	528	465
Talet på pensjonistar med i ordninga	231	219
<b>Spesifikasjon av premiefond</b>		
Saldo 1.1.	1 557	2 655
Tilført premiefond	1 323	316
Uttak fra premiefond	-1 367	-1 413
<b>Saldo per 31.12.</b>	<b>1 513</b>	<b>1 557</b>

Penneo Dokumentnr: SC6GI-WBESQ-1ZYDE-KLILW-OM8LO-Q1Y76



\*Gjeld premie betalt for pensjonsforsikring som ikkje er aktuarrekna, servicepensjonar og andre kostnader som vedkjem pensjon og sikringsordning.

Føretaket har ytingsbasert tenestepensjonsordning i KLP. Denne pensjonsordninga tilfredsstiller krava i lov om offentlig tenestepensjon.

## Pensjonsordninga

Tariffesta tenestepensjon for dei tilsette er sikra i pensjonsordninga. Dette gjeld alders-, uføre-, etterlatne-, tidleg pensjon, AFP og vilkårsbunden tenestepensjon. Årskulla fødde før 1963 er sikra tidleg pensjon og AFP 62-67 år. Årskulla fødde frå 1963 er sikra vilkårsbunden tenestepensjon eller livsvarig AFP. Når regelverket krev det, samordnast pensjonane med utbetaling frå folketrygda. Det blir ikkje opptent pensjon for lønn over 12G (folketrygdas grunnbeløp).

Rekneskapsføring av tenestepensjonsordningar med vedtektsfesta ytingsnivå følger norsk regnskapsstandard NRS 6 Pensjonskostnader. Alle statlege helseføretak i KLP inngår i en fleirføretakspensjon. Sidan offentlig AFP er tett integrert med ordinær tenestepensjon inngår forplikting for AFP som del av berekninga av pensjonsforpliktinga.

## Regelverksendringar i offentlig tenestepensjon

Partane i arbeidslivet ble einige om ny offentlig tenestepensjon (OFTP) frå 01.01.2020. Stortinget vedtok 11.06.2019 endringar av fleire lover som regulerer pensjon innan offentlig sektor. Regelendringane er innarbeida i KLPs vedtekter. Regnskapsstiftelsen gav ut eigen rettleiing i august 2019 om rekneskapsmessig handtering av endringane i offentlig tenestepensjon. Denne rettleiaren er lagt til grunn ved berekningane frå og med 2019.

Ny livsvarig avtalefesta pensjon (AFP) i offentlig sektor blei sanksjonert i lov om statens pensjonskasse i statsråd 12. april 2024. Ny AFP i offentlig sektor gjeld for tilsette som er født i 1963 eller seinare og inneber at AFP for tilsette i offentlig sektor vert endra frå å vera ein tidlegpensjonsordning til ei ordning med livsvarig påslag til folketrygda. Det vil medføre ei planendring. Det står igjen å få på plass regelverk for fordeling av finansieringa. Før eit nytt avtaleverk er på plass, blir det sett på som vanskeleg å måle effekten av planendringa på liteleg, og rekneskapsføringa av planendringa blir utsett frem til avtaleverk knytt til fordeling av finansiering er fastsett. Berekninga for 2024 er derfor basert på gamalt regelverk også for tilsette født 1963 og seinare. Planendringa vil medføre vesentleg auke i pensjonsforpliktingar og pensjonskostnader frå det tidspunktet den tas inn i rekneskapsen. For den årlege premien vil effekten av ny AFP gi auke i premien over tid.

Regjeringa og partane i offentlig sektor inngjekk 25.08.2023 avtale om endra pensjonsreglar for yrkesgrupper som har særaldersgrenser. Den nye avtalen inneber at særalderspensjonen blir endra frå ei tidlegpensjonsordning for kulla fødd 1963 og seinare til eit livsvarig påslag til pensjonen for dei som går av tidleg (overgangsreglar for kulla fødd 1964 og 1965). Reglane antek ein at vert vedtekne i 2025.

Regjeringa har i Stortingsmelding 6 (2023-2024) kome med ei tilråding om å auke aldersgrenser, betre alderspensjonen til uføre og endra regulering av minstesatsar i folketrygda. Dersom dette blir vedteke vil ein naturleg konsekvens vera at desse endringane blir gjennomført samtidig i offentlig tenestepensjon. Avtalen om endra pensjonsreglar for yrkesgrupper med særalders føreset at endringane foreslått i stortingsmeldinga blir vedtekne.

## Føresetnader for berekningane

Dei økonomiske føresetnadene per 31.12.2024 følger siste rettleiing gitt av Regnskapsstiftelsen i januar 2025. Forventa avkastning er justert ut frå aktiva allokering Basert på desse er det berekna beste estimat brutto pensjonsforplikting per 31.12.2024

## Demografiske føresetnader:

	31.12.2024	31.12.2023
Nytta tabell over dødelegheit	KLP2021BE	KLP2021BE
Nytta tabell for uførefrekvens	KLPKU2021BE	KLPKU2021BE
Uttak AFP etter erfaring	15-42,5 %	15-42,5 %

## Frivillig avgang for sjukepleiarar (i %)

Alder (i år)	< 20	20-25	26-30	31-40	41-49	50-55	>55
Avgang (i %)	25	15	10	6	4	3	0

## Frivillig avgang for sjukehuslegar og fellesordninga (i %)

Alder (i år)	< 24	24-29	30-39	40-49	50-55	>55
Avgang (i %)	25	15	7,5	5	3	0

Sjukehusapoteka Vest HF Org.nr. 983974716



## Kort om ikke resultatførte estimatavvik

I samsvar med god regnskapsskikk, nytter Helse Vest reglane om "korridor" og fordeling over attverande oppteningstid ved behandling av estimatavvik knytt til pensjonsordninga. Estimataavvik utover "korridoren" resultatførast med 1/12-del.

## Note 17 Anna langsiktig gjeld

Heile 1000 kroner

	2024	2023
Gjeld til føretak i same føretaksgruppe	20 000	0
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>	<b>20 000</b>	<b>0</b>

## Note 18 Anna kortsiktig gjeld

Heile 1000 kroner

Leverandørgjeld	158 683	275 316
Kortsiktig gjeld til føretak i same konsern	11 388	11 492
Skyldige feriepengar	21 151	19 258
Skyldig lønn	3 536	2 813
Anna kortsiktig gjeld	33 360	30 594
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>228 120</b>	<b>339 474</b>

## Note 19 Forsking og utvikling

Heile 1000 kroner

Øyremerka tilskot frå eigar til forskning	35	0
Sum inntekter til forskning	35	0
<b>Sum inntekter til forskning og utvikling</b>	<b>35</b>	<b>0</b>

Kostnader til forskning - anna	35	0
<b>Sum kostnader til forskning</b>	<b>35</b>	<b>0</b>

<b>Sum kostnader til forskning og utvikling</b>	<b>35</b>	<b>0</b>
---	-----------	----------

Talet på avlagde doktorgrader	0	0
Talet på publiserte artiklar	0	1
Talet på årsverk nytta til forskning	0,1	0

Penneo Dokumentnr: SC6GI-WBESQ-1ZYDE-KLILW-OM8LO-Q1Y76



## Note 20 Nærstående partar

Nærstående til Sjukehusapoteka Vest HF er definert i rekneskapsloven § 7-30b og rekneskapsforskrifta § 7-30b-1. Vesentlege transaksjonar med nærstående partar kjem fram i denne og andre noter i årsrekneskapen.

Mellomverande med konsernselskap i Helse Vest er omtala i note 21.

Sjukehusapoteka Vest HF mottar det vesentlegaste av sine inntekter frå sal av legemiddel og farmasøytiske tenester til systerføretak i Helse Vest konsernet. I tillegg leverer Sjukehusapoteka Vest HF legemidlar og andre apotekvarer til alle brukarar av sjukehusa gjennom publikumsekspedisjon i kvart sjukehus.

Det blei kjøpt varer og tenester frå dei andre føretaka i Helse Vest for 71 millionar kr i 2024.

Det blei selt varer og tenester til dei andre føretaka i Helse Vest for 1 256 millionar kr i 2024.

Medikament utgjer en stor del av Sjukehusapoteka Vest HF sine kostnader. Innan forskning og utvikling er det samarbeid mellom universitet, legemiddelindustrien og sjukehusa. Det regionale helseføretaket har inngått gjensidig forpliktande avtale med Legemiddelindustrien omkring etikk knytt til avtaler på dette området. Avtala er bindande for helseføretaka.

Sjukehusapoteka Vest HF har gjennomført en kartlegging og dokumentasjon av styremedlemmer og leiande tilsette sine verv som kan tenkast å komme i konflikt med relasjonar føretaka har til andre aktørar. Helseregionen er blant anna underlagt lov om offentlege kjøp. I Sjukehusapoteka Vest HF er det etablert rutinar som skal bidra til å sikre at tilsette som er ansvarleg for, eller har påverknad på inngåing av vesentlege innkjøps- og/eller salsavtalar ikkje sit med verv eller har andre relasjonar til leverandørar eller kundar mv som kan tenkast å komme i konflikt med deira rolle i føretaka.

## Note 21 Krav og gjeld mellom føretaka i Helse Vest

Heile 1000 kroner

Føretak	Kortsiktige fordringar	Langsiktige fordringar	Kortsiktig gjeld	Langsiktig gjeld
Helse Vest RHF	34 974		-1 570	- 20 000
Sjukehusapoteka Vest HF				
Helse Bergen HF	51 914		-1 872	
Helse Stavanger HF	41 039		-680	
Helse Fonna HF	19 583		-3 281	
Helse Førde HF	11 986		-159	
Helse Vest IKT AS	626		-3 986	
<b>Sum</b>	<b>160 121</b>	<b>0</b>	<b>-11 547</b>	<b>-20 000</b>

Perneo Dokumentnøkkel: SC6GI-WBESQ-1ZYDE-KLILW-OM8LO-Q1Y76



## Note 22 Beredskapslager Legemiddel

Heile 1000 kroner

	2024	2023
B-180 Spesialisthelseteneste - endring i forskot	-9 677	-15 633
B-180 Spesialisthelseteneste - kostnad beredskapslager	19 630	21 680
B-180 Primærhelseteneste- kostnad beredskapslager	103 776	129 445
<b>Sum utlegg grossistar, rekneskapsført netto</b>	<b>113 729</b>	<b>135 492</b>
B180 Forvaltningskostand spesialist	4 314	4 275
B180 Forvaltningskostand primær	3 264	3 169
B180 Forvaltningskostand Spesialist + Primær		
<b>Sum kostnader som er vidarefakturert</b>	<b>7 578</b>	<b>7 444</b>
<b>Sum utlegg og kostnadar</b>	<b>121 307</b>	<b>142 936</b>

Helse Vest RHF ble av Helse- og omsorgsdepartementet 8. mai 2020 tildelt oppdraget med å etablere et beredskapslager for legemiddel på nivå 2 for primær- og spesialisthelsetenesta. Oppdraget skulle utføres på vegne av de regionale helseføretaka og i samarbeid med Helsedirektoratet og Direktoratet for medisinske produkter.

Helse Vest RHF har gjeve oppdraget med å inngå og forvalte avtaler tilknytt oppbygging og forvaltning av nasjonalt beredskapslager legemiddel til Sjukehusapoteka Vest HF.

Helse Vest RHF og Sjukehusapoteka Vest HF har hittil ikkje vore økonomisk belasta som følge av oppdraget, og har difor heller ikkje hatt nokon risiko knytt til avtalane som er inngått med legemiddelgrossistane. Helse Vest RHF og Sjukehusapoteka Vest HF har opptreidd ovanfor legemiddelgrossistane som agentar for Helsedirektoratet, og rekneskapsføringa av forskotsbetalingar, forvaltningskostnader, ukurans, etc. er handtert som utlegg, dvs. balanseført som fordring og deretter nettoført ved vidarefakturering til oppdragsgjevar.

Frå og med 01.01.2023 ble finansieringa av det nasjonale beredskapslageret for spesialisthelsetenesta overført til dei regionale helseføretaka og rekneskapsføringa i Helse Vest RHF og dei andre regionale helseføretaka er endra som følgje av dette. Sjukehusapoteka Vest HF sin rolle er uendra.

Alle kostnader som Sjukehusapoteka Vest HF sjølv pådreg seg i samband med oppdraget, under dette lønnskostnader, konsulentkostnader mv., vert dekkja av Helsedirektoratet når det gjeld beredskapslageret knytt til primærhelsetenesta og dei regionale helseføretaka når det gjeld beredskapslageret knytt til spesialisthelsetenesta.

Penneo Dokumentnr: SC6GI-WBESQ-1ZYDE-KLILW-OM8LO-Q1Y76



# PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

### Varden, Arve

Nestleder

Serienummer: no\_bankid:9578-5993-4-1643129

IP: 161.4.xxx.xxx

2025-04-24 10:24:23 UTC



### Gjesdal, Clara Beate Gram

Styremedlem

Serienummer: no\_bankid:9578-5999-4-1720672

IP: 161.4.xxx.xxx

2025-04-24 10:52:52 UTC



### Frøvdal, Espen

Styremedlem

Serienummer: no\_bankid:9578-5993-4-3277568

IP: 161.4.xxx.xxx

2025-04-24 10:53:52 UTC



### Albers-kövendi, Eszter

Styremedlem

Serienummer: no\_bankid:9578-5998-4-1966617

IP: 161.4.xxx.xxx

2025-04-24 10:59:42 UTC



### Folkvang, Tonje

Daglig leder

Serienummer: no\_bankid:9578-5995-4-52579

IP: 161.4.xxx.xxx

2025-04-25 06:29:11 UTC



### Schøyen, Helle Kristine

Styremedlem

Serienummer: no\_bankid:9578-5999-4-1447064

IP: 161.4.xxx.xxx

2025-04-25 06:45:52 UTC



Penneo Dokumentnøkkel: SC6GI-WBESQ-1ZYDE-KLILW-OM8LO-Q1Y76

Dette dokumentet er signert digitalt via [Penneo.com](https://penneo.com). De signerte dataene er validert ved hjelp av den matematiske hashverdien av det originale dokumentet. All kryptografisk bevisføring er innebygd i denne PDF-en for fremtidig validering.

Dette dokumentet er forseglet med et kvalifisert elektronisk segl ved bruk av et sertifikat og et tidsstempel fra en kvalifisert tillitstjenesteleverandør.

#### Slik kan du bekrefte at dokumentet er originalt

Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, kan du se at det er sertifisert av **Penneo A/S**. Dette beviser at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret siden tidspunktet for signeringen. Bevis for de individuelle signatørens digitale signaturer er vedlagt dokumentet.

Du kan bekrefte de kryptografiske bevisene ved hjelp av Penneos validator, <https://penneo.com/validator>, eller andre valideringsverktøy for digitale signaturer.



## PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

### Torgersen, Helge

Styreleder

Serienummer: no\_bankid:9578-5995-4-620303

IP: 84.215.xxx.xxx

2025-04-27 20:06:52 UTC



### Wille, Ina Nikoline

Styremedlem

Serienummer: no\_bankid:9578-5997-4-673999

IP: 161.4.xxx.xxx

2025-04-28 07:37:39 UTC



### HOVLAND, ANDERS

Styremedlem

Serienummer: no\_bankid:9578-5993-4-4101903

IP: 161.4.xxx.xxx

2025-04-28 12:54:09 UTC



### Engelund, Mona

Styremedlem

Serienummer: no\_bankid:9578-5997-4-537139

IP: 161.4.xxx.xxx

2025-04-29 05:48:35 UTC



Penneo Dokumentnøkkel: SC6GI-WBESQ-1ZYDE-KLILW-OM8LO-Q1Y76

Dette dokumentet er signert digitalt via [Penneo.com](https://penneo.com). De signerte dataene er validert ved hjelp av den matematiske hashverdien av det originale dokumentet. All kryptografisk bevisføring er innebygd i denne PDF-en for fremtidig validering.

Dette dokumentet er forseglet med et kvalifisert elektronisk segl ved bruk av et sertifikat og et tidsstempel fra en kvalifisert tilstjenesteleverandør.

#### Slik kan du bekrefte at dokumentet er originalt

Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, kan du se at det er sertifisert av **Penneo A/S**. Dette beviser at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret siden tidspunktet for signeringen. Bevis for de individuelle signatørens digitale signaturer er vedlagt dokumentet.

Du kan bekrefte de kryptografiske bevisene ved hjelp av Penneos validator, <https://penneo.com/validator>, eller andre valideringsverktøy for digitale signaturer.



Luramyrvæien 40  
Postboks 1107  
4391 Sandnes  
www.bdo.no

## Melding frå uavhengig revisor

### Til Føretaksmøtet i Sjukehusapoteka Vest Hf

#### Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen til Sjukehusapoteka Vest Hf.

#### Årsrekneskapen består av:

- Balanse per 31. desember 2024
- Resultatrekneskap for 2024
- Oppstilling over kontantstrømoppstilling for rekneskapsåret avslutta per 31. desember 2024
- Notar til årsrekneskapen, irekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

#### Etter vår meining:

- Oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- Gjev årsrekneskapen eit rettviseande bilete av den finansielle stillinga i selskapet per 31. desember 2024, og av resultatata og kontantstrømane for rekneskapsåret avslutta per denne dato, i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapskikk i Noreg.

#### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet, i samsvar med krava i lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale standardane om habilitet), utgjeve av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og vi har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

#### Annan informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for annan informasjon. Annan informasjon består av årsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkjer ikkje annan informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese annan informasjon identifisert ovanfor for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom denne og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har plikt til å rapportere dersom annan informasjon framstår som vesentleg feil. Vi har ingenting å rapportere i så måte.

#### Konklusjon om årsmeldinga

Basert på kunnskapen vi har opparbeida oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningar som skal givast i tråd med gjeldande lovkrav.

#### Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at det gjev eit rettviseande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er óg ansvarleg for slik intern kontroll som den finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil.



Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til vidare drift og opplyse om forhold av betydning for vidare drift. Føresetnaden om vidare drift skal leggjast til grunn for årsrekneskapen, så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

#### Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom den, enkeltvis eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerdene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen.

For vidare beskriving/omtale av revisor sine oppgåver og plikter visast det til:  
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

BDO AS

Ellen Marie Marvik  
statsautorisert revisor  
(elektronisk signert)

Penneo Dokumentnrøktei: XC8IX-133EG-H78WM-F7MNV-01CWQ-0YGH3



# PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

## Marvik, Ellen Marie Mo

Partner

På vegne av: BDO

Serienummer: no\_bankid:9578-5997-4-628197

IP: 188.95.xxx.xxx

2025-04-29 10:31:35 UTC



Penneo Dokumentnøkkel: XC8IX-133EG-H78WM-J7MNV-01CWQ-0YGH3

Dette dokumentet er signert digitalt via [Penneo.com](https://penneo.com). De signerte dataene er validert ved hjelp av den matematiske hashverdien av det originale dokumentet. All kryptografisk bevisføring er innebygd i denne PDF-en for fremtidig validering.

Dette dokumentet er forseglest med et kvalifisert elektronisk segl ved bruk av et sertifikat og et tidsstempel fra en kvalifisert tilstjenesteleverandør.

### Slik kan du bekrefte at dokumentet er originalt

Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, kan du se at det er sertifisert av **Penneo A/S**. Dette beviser at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret siden tidspunktet for signeringen. Bevis for de individuelle signatørens digitale signaturer er vedlagt dokumentet.

Du kan bekrefte de kryptografiske bevisene ved hjelp av Penneos validator, <https://penneo.com/validator>, eller andre valideringsverktøy for digitale signaturer.